

Nordfjordeid, 21. januar 2017

Fråsegn frå årsmøtet i Eid Venstre

Grøn transport over heile landet - også i distrikta!

Eid Venstre er glade for at omstilling til eit klimavenleg samfunn er løfta fram som ei hovudsatsing av den nye Regjeringa. Eid Venstre krev at Regjeringa raskt kjem opp med ein plan for korleis også distrikts-Noreg kan bli løfta fram i den nasjonale satsinga på utsleppsfri transport, ikkje minst gjennom auka satsing på gange og sykkel.

Eid Venstre krev at Nordfjordeid får status som Nasjonal Sykkelby med tilhøyrande statleg deltaking i eit spleiselag, og at det blir utbygging av gang- og sykkelveg langs Rv15 på Stårheim og på strekninga Skårhaug-Haugen innan 2025.

Trass i ei auka nasjonal satsing på miljøvenleg transport dei siste åra, har distriktskommunar som Eid blitt prioritert ned i statleg satsing på gange og sykkel. Det ser vi både gjennom at Regjeringa ikkje legg opp til å halde framdrifta i utbygginga av gang- og sykkelveg langs Rv15, heller ikkje på høgt prioriterte strekningar som Stårheim og mellom Skårhaug og Haugen. Dette er no dei to "flaskehalsane" som manglar før Eid er ei samanhengande sykkelkommune heilt frå Stårheim til Nor bru. I neste omgang må sykkelvegnettet forlengast også til Kjølisdalen i vest, og til Nes/Skaugset i aust.

Eid Venstre meiner også det må bli ei auka statleg satsing på lade-infrastruktur for el-bilar i distrikta, slik at vi får bygd ut fleire hurtigladestasjonar i Eid. Vi vil også peike på at Nordfjordeid, med si plassering i knutepunktet mellom nord/sør-stamvegen E39 og aust/vest-stamvegen Rv15, er ei naturleg plassering for ein hydrogen-fyllestasjon. Hydrogen-bilar kan i nær framtid bli eit fullgodt alternativ til bensin- og dieslbilar også i distrikta, med køyrelengde og kapasitet minst på høgde med dagens fossile køyretøy.

Eid Venstre er også svært positive til ei samla nasjonal satsing på landstrøm i norske hamner. Vi ønskjer at cruise-kaia på Eid raskast råd blir tilrettelagt for landstrøm som del av ei slik nasjonal satsing med statleg finansiering.

Nordfjordeid, 21. januar 2018

Til:

- Klima- og miljøvernminister Ola Elvestuen
- Samferdsleminister Ketil Solvik Olsen
- Venstre si stortingsgruppe
- Venstre sitt sentralstyre
- Sogn og Fjordane Venstre
- Sogn og Fjordane Fylkeskommune
- Eid kommune
- Statens Vegvesen Region Vest
- Media